

Styremøte

Tid og stad:

Tysdag 18. oktober 2016 kl. 18.00 på klubbhuset.

Saksliste:

- 30/16 Vasking av klubbhuset
- 31/16 Prisar treningsstudio
- 32/16 Aldersgrense i treningsstudioet
- 33/16 Nøklar klubbhus
- 34/16 Eventuelt

Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor og styremedlem Knut Olav Skare.

Forfall:

Kasserar Svein Helge Bringsvor og vara Gunnhild Bringsvor.

Referat:

Sak 30/16 Vasking av klubbhuset

Arina Vickuniene har sagt seg villig til å vaske. Anne Bjørg foreslår 150 kr per gong, i utgangspunktet ein gong per veke. Anne Bjørg vil selje ein støvsugar som ho ikkje har bruk for til idrettslaget for 350 kr (inkl. posar). Det har vore altfor skite på golvet i treningsstudioet. Plakaten om bruk av reine sko kan mistydast.

Vedtak: Arina får 150 kr per gong. Vi reknar om lag ein time per gong, litt meir viss/når garderobene også må vaskast. Vi kjøper støvsugaren. Lagar ny plakat om skobruk.

Sak 31/16 Prisar treningsstudio

Det har kome fleire spørsmål om pris for dei som ikkje bur her fast. Har vore skissert eit klippekorttilbod, men det er truleg ein del ekstraarbeid med det. Forslått halv pris for båtfolk og bortebuande skuleelevar og eventuelt



feriefolk. Dette gjeld heil- og halvårsabonnement. Vi tilbyr også tre måneder og mindre om lag for prisen av årsabonnement delt på aktuell periode, x2.

Sak 32/16 Aldersgrense i treningsstudioet

Tida rundt opninga av klubbhuset denne månaden var det til dels stort engasjement rundt aldersgrense for tilgang til treningsstudioet. Mange lurte på om også dei under 15 år kunne bruke romet. Vi sa at ingen kunne nekte ein forelder å ta med ungen(-ane) sin(e) inn. Nokre har gjort nettopp det, og det fungerer i grunnen greitt. Truleg vil interessa dabbe av etter kvart. Ingen under 15 år har fått nøkkelbrikke, og ingen skal betalast for.

Vedtak: Vi held dei gjeldande retningslinene som dei er, og vi støttar det som har vorte sagt og gjort til no. Det er ei god ordning.

Sak 33/16 Nøklar klubbhus

Alle i hovudstyret, leiarane i undergruppene, og trenarane til fotballaga har fått utdelt nøkkelbrikke. Denne kan i tillegg til vanleg opning, brukast til å setje døra open over tid. Det er aktuelt når garderobane skal brukast i samband med for eksempel fotballkampar. Instruks for dei ulike kommandoane vert sendt til dei aktuelle.

Det er også laga til eit nøkkelknippe som skal ligge inne på kiosken. Dette knippet har nøklar til:

- tre småskap i treningsstudioet (styring av lys, Internett-router m.m.)
- skyvedørene framfor ventilasjonsaggregatet (også lager for toalettpapir, såpe, tørkepapir, desinfeksjonsmiddel, søppelsekkar m.m.)
- dørene på begge sider av handicap-toalettet (som kan brukast til gjennomgang).

Sak 34/16 Eventuelt

Ingen eventuelle saker.

Møtet slutt 19.00.